



Saksprotokoll

Organ: Fylkesrådet for eldre

Møtedato: 01.06.2017

Sak nr.: 17/4731-2

Internt l.nr. 23150/17

Sak: 7/17

Tittel: Høyringsutkast frå Gaular kommune Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagt for heildøgnstenester

Behandling:

Følgjande uttale vart skrive i møte:

Fylkesrådet for eldre har følgjande uttale til høyringa om forskrift om rett til sjukeheimplass:

Fylkesrådet for eldre er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.

Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.

Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.

Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheimplassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheimplassar utfrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesrådet for eldre har følgjande uttale til høyringa om forskrift om rett til sjukeheimplass:

Fylkesrådet for eldre er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.

Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.

Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.

Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgntilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheims plassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgntilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheims plassar utfrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.